



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for næring og kultur

Møtedato: 02.02.2016

Sak nr.: 15/12184-11

Internt l.nr.: 4180/16

Sak: 11/16

Tittel: Omstillingsstatus og omstillingsløyvingar 2016

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Askvoll** kommune ei løyving på inntil 1 800 000 kr til omstillingsarbeidet i 2016. Unytta omstillingsmidlar frå tidlegare års løyvingar vert godkjent overført til bruk i 2016. I omstillingsperioden skal kommunalt næringsfond forvaltast av omstillingsstyret i samsvar med avtale inngått mellom Askvoll kommune og fylkeskommunen ved oppstart av omstillingsarbeidet.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune reknar 2013 som Lærdal sitt første omstillingsår. Fylkeskommunen gjev **Lærdal kommune** omstillingsstatus for åra 2016, 2017 og 2018.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Lærdal kommune** ei løyving på inntil 3 000 000 kr til omstillingsarbeidet i 2016. Unytta omstillingsmidlar frå tidlegare års løyvingar vert godkjent overført til bruk i 2016.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Hyllestad kommune** ei løyving på inntil 850 000 kr til eit pilotprogram innafor områda samfunnsentreprenørskap, kommunikasjon og lokalt identitets- og samfunnsutviklingsarbeid. Programmet skal sikre at arbeidsmetodar og utviklingsverktøy nytta i omstillingsperioden vert vidareutvikla og tilpassa framtidig bruk i utviklinga av kommunen og næringslivet. Tilskotet omfattar også ein forstudie på området velferdsteknologi.
5. Midlane i punkt 1,3 og 4 vert dekkja slik: 5 300 000 kr vert dekkja med avsette budsjettmidlar for 2016, tenesteområde 7015 Nyskaping. 350 000 kr vert dekkja med omstillingsmidlar som fylkeskommunen har disponible frå tidlegare år.

Vilkår for omstillingsløyvinga

- Det skal leggjast vekt på høg kvalitet og god styring i alle prosjekta. Innovasjon Norge sin prosjektleiarprosess (PLP – prosjektlederprosessen) skal nyttast i alle prosjekt
- All støtte til bedrifter skal vere i samsvar med EØS-avtalen sine retningslinjer om offentleg støtte til næringslivet
- Øvrige vilkår går fram av tilsegnsbrevet

Aleksander Øren Heen gjekk frå som ugild under handsaming av saka.